



Kommunane i Møre og Romsdal

Feltkurs i AR5 - frå terreng til manuskart

Fylkesmannen inviterer til kurs i klassifisering av markslag.

Tid: **Tysdag 28. mai** 2013, oppstart kl. 10.00 – 15.30

Stad: Fylkesmannen ser for seg at ein kommune kan tenkje seg å vere vertskap for denne dagen. Fordelane for kommunen er at dei kan velje område dei sjølve ønskjer å få vurdert, og at dei då kan få diskutere klassifiseringa med fleire. Gje tilbakemelding om dette innan 1. mai.

Vi sender invitasjonen til alle kommunane i Møre og Romsdal. Det kan vere fleire av dykk som ser seg tent med ein introduksjon til temaet, sidan fleire kommunar har hatt skifte i personell og/eller fordi dei rett og slett ønskjer ein ny gjennomgang. Aktuelle deltakarar frå kommunen er saksbehandlarar på landbruk og teknisk/oppmåling.

Institutt for Skog og Landskap står for det faglege innhaldet. Kurset startar med ei innføring av klassifiseringssystemet.

For meir info sjå: http://www.skoglandskap.no/kurs/ar5_feltkurs

Feltkurset krev gode klede og fottøy. Fylkesmannen ordnar med lunsj, medan kommunane betaler reisa sjølve.

Elektronisk påmelding må skje innan **tysdag 21. mai** via www.fmmr.no.

Spørsmål kan rettast til Kjellaug Finnøy, tlf. 71258067 eller Arnold Hoddevik, tlf. 71258154

Med helsing

Ottar Longva (e.f.)
Fylkesjordsjef

Arnold Hoddevik
Rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi:

Norsk institutt for Skog og landskap	Pb. 115	1431	Ås
Statens Kartverk	Grandfjæra 22B	6415	Molde